Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Mari Katrine Berg, 5557 2326

Vår dato
18.06.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/5423 461.3
Dykkar referanse
John Erling Bjørke

Bjørke Invest AS
Bjørkemoen 56
5709 Voss

Endelig rapport frå tilsyn ved Bjørke Invest AS 7. mai 2015
Rapportnummer: 2015.057.I.FMHO

Kontaktpersonar ved tilsynet:

Frå verksemda:
John Erling Bjørke

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Mari Katrine Berg
Hallvard Hageberg
Idris Abdeh

Resultat frå tilsynet

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå tilsynet. Etter merknadar frå bedrifta er det gjort endringar i avvik 1, under observasjonar om oljeutskillar, avvik 2, under observasjonar om pressesaft, og merknaden er fjerna.

Fylkesmannen i Hordaland fann to avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Internkontroll
- Handtering av farleg avfall

Avvika er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

Bjørke Invest AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. september 2015** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Astrid Holte
senioringeniør

Mari Katrine Berg
overingeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Voss kommune

1. Informasjon om bedriften

Namn: Bjørke Invest AS	**Risikoklasse:** 3
Besøks- og postadresse: Bjørkemoen 56, 5709 Voss	
E-post: post@hogging.no	**Telefon:** 56 52 37 80 / 970 20 780
Kommune: Voss	**Organisasjonsnr.:** 987 641 452
Bransjenr. (NACE-kode): 45.770 – Engroshandel med avfall og skrap	**Eigar (org.nr.):** 987 634 030
Løyve datert: 19. januar 1981	**Siste tilsyn:** 20. juni 2011

2. Bakgrunnen for tilsynet

Tilsynet vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne.

Biloppsamlingsplassane tek imot kasserte kjøretøy for miljøsanering og vidare levering til opphogging. Dette tilsynet er gjennomført som del av ein landsdekkande aksjon med biloppsamlingsplassane. Målet med aksjonen er at miljøsanering og lagring av bilvrak skal føre til mindre forureining.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Miljøsanering av kasserte kjøretøy
- Forsøpling
- Fast dekke
- Oljeutskillar og utsleppskontroll
- Handtering av farleg avfall
- Internkontroll inkludert risikovurdering, rutinar og handtering av avvik

3. Oppfølging etter tilsynet

Bedrifta pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. september 2015** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt
Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **1. september 2015**, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

4. Kontrollgebyr

Bjørke Invest AS skal betale gebyr for tilsynet, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Bedrifta skal derfor betale 12 200 kroner for det gjennomførte tilsynet. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for allmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- avfallsforskrifta kapittel 4 om kasserte kjøretøy
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 19. januar 1981 med seinare endringar

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevnaden (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Internkontrollen har manglar

Avvik frå:

- § 5 punkt 6 i internkontrollforskrifta om risikovurdering, jf. kapittel 4 i avfallsforskrifta, vedlegg 1 punkt 1 og 5
- § 5 punkt 7 i internkontrollforskrifta om rutinar

Kommentarar til regelverket:
Risikovurdering
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 set krav til at bedrifta må kartlegge farar for forureining og vurdere risiko knytt til desse. På bakgrunn av dette skal ein utarbeide planar og tiltak for å redusere risikoen.

I punkt 1 i vedlegg til kapittel 4 er det mellom anna krav at område for lagring av usanerte bilvrak skal ha fast ugjennomtrengjeleg dekke (normalt betong) på passande areal. Med passande areal er meint at arealet må vere stort nok til å lagre bilvrak som fører til fare for forureining. Lagring utanfor slikt dekke berre kan gjerast dersom verksemda har eit godt system for vurdering av fare for forureining for kvart bilvrak. Dette må omfatte vurderingar ved mottak og lagring av bilvraka, og inngå i verksmeda si risikovurderinga.

I punkt 5 i vedlegg til kapittel 4 i avfallsforskrifta står det at oppbevaring og handtering av kasserte bilvrak skal utførast på ein slik måte at ein i størst mulig grad unngår skade på komponentar som inneheld væske eller på komponentar og delar som kan gå til gjenvinning.

Stabling av usanerte bilvrak medfører ekstra mekanisk påkjenning på dei vraka som ventar på miljøsanering. Auka fare for utslepp som følgjer av slik stabling må derfor vurderast særskilt saman med eventuelle tiltak for å redusera risikoen.

Rutinar
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 set krav til at bedrifta må ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Desse rutinane skal kunne dokumenterast skriftleg av bedrifta.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Skriftleg risikovurdering for mottakskontroll
Når kasserte kjøretøy kjem inn på området vert det gjennomført ein mottakskontroll på tett dekke for å bestemme kvalitet og fare for forureining. Bedrifta har eit aktivt forhold til kor dei plasserer usanerte bilar og behov for tett dekke, men manglar skriftleg risikovurdering for mottakskontrollen.

Risikovurdering av stabling av bilvrak
I aktivitetstoppen til anlegget, vekene etter 20. mars[1], vart usanerte bilar stabla oppå kvarandre. Bedrifta har ikkje vurdert forureiningsrisiko forbunde med stabling av usanerte kjøretøy, og har ikkje skriftlig risikovurdering på denne aktiviteten.

Manglande dokumentasjon på rutinar for drift av oljeutskillar
Bedrifta delar oljeutskillar med Ragn Sells som held til på nabotomta. Vi vart fortald at Ragn Sells er ansvarleg for gjennomføring av periodisk kontroll av oljelagets tjukkleik, funksjonskontroll av installert nivåalarm, periodisk tøming av oljeutskillar og vatnprøvetaking ved utløp frå oljeutskillaren. Vidare fortalde bedrifta at dei får tilsendt kopi av analyseresultata, og blir kontakta ved unormale analyseresultat. Bjørke Invest AS hadde ved tilsynet ikkje dei skriftlige rutinane som Ragn Sells brukte til dei ulike kontroller og prøvar.

Ved tilsynet vart vi informert om status og planar for området som inkluderer etablering av eigen oljeutskillar for eige verksemdsområde. Ny oljeutskillar må dimensjonerast i forhold til nytt areal og samstundes ta høgde for auka nedbør.

Manglande avvikskriterier
Bedrifta har eit avvikssystem som vert aktivt brukt, men manglar klare og definerte avvikskriterier.

[1] Vraking innan denne datoen inneber at ein slepp å betala årsavgift for inneverande år

Avvik 2: Manglande oppsamling og levering av pressesaft frå pressing av bilvrak

Avvik frå: Avfallsforskrifta §11-8, om krav til levering av farleg avfall

Kommentarar til regelverket:
I avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall er det sett krav til at farleg avfall skal leverast til mottak for farleg avfall. Søl og restar frå miljøsanering og pressesaft frå pressing av bilvrak er farleg avfall som skal samlast opp og leverast godkjent mottak. Pressesafta kan òg innehalde stoff som ikkje vert fanga opp i oljeutskillaren, og stoff som reduserer reinseeffekten fordi det vert danna emulsjonar.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Etter miljøsanering vart bilvraka pressa i eiga presse som sto under tak på betongdekke. I pressinga vil restar av væske frå bilvraka, kalla pressesaft, renne ut. Pressesafta vert samla opp ved hjelp av absorberande strø/granulat, og området hadde avrenning til oljeutskillar.

Bruk av absorberande strø og/eller avrenning til oljeutskillar er ikkje ein god permanent løysing for handtering av pressesaft. Bedrifta må få på plass ein effektiv væskeoppsamling ved vrakpressa.

8. Merknadar
Vi har ikkje gitt merknadar under tilsynet.

9. Andre forhold

Om bedrifta
Bedrifta held til på Bjørkemoen industriområde på Voss. Verksemda har vore i drift sidan 1981, og det er i dag ni tilsette. Bedrifta både miljøsanerer og presser bilar, driv med delesal, samt bilberging. Dei driv ikkje med sjølvplukk av deler.

Miljøsanering går føre på ein SEDA miljøsaneringsbukk. Miljøsanering, pressing av miljøsanerte bilar og mellomlagring av pressa vrak skjer under tak på tett dekke kopla til oljeavskiljar. Pressa vrak blir levert til Norscrap West på Askøy. Bjørke Invest AS tok i 2014 i mot 1129 bilar til vraking, 33 av desse utan vrakpant.

Arbeidstid på biloppsamlingsplassen er måndag til fredag 08.00-15.30 og torsdag frå 10.00-17.00. Dei tek ikkje i mot bilar til vraking utanom opningstider utan avtale.

Nytt løyve
Bedrifta har i dag gamalt løyve som ikkje i tråd med dagens praksis. Dei har derfor levert søknad om oppdatert utsleppsløyve som for tida er til handsaming.

I nytt løyve må bedrifta forvente krav om at usanerte bilvrak ikkje kan lagrast i høgda, og at dei må lagrast på tett, ugjennomtrengjeleg dekke.

Handtering av katalysatorar
Bedrifta demonterer brukte katalysatorar frå bilvraka. Katalysatorane vert levert til NBF, som tar imot slikt avfall i Noreg.

Miljødirektoratet har i samband med aksjonen på biloppsamlingsplassar (men etter at tilsyna i var gjennomført) avklart ansvar for klassifisering og krav til dokumentasjon ved levering av brukte katalysatorar. Vi brukar aksjonen til å informere om regelverket, slik at bedrifta kan innrette seg etter dette i framtida. Vi vil følgje opp praksis ved seinare tilsyn.

Farleg avfall eller ikkje
Brukte katalysatorar kan vere både ordinært og farleg avfall, avhengig av kva dei inneheld (sjå Miljødirektoratet sin rettleiar om handtering av farleg avfall frå 2004, side 20 og 21). Det er avfallsprodusenten sitt ansvar å avgjere om katalysatorar er farleg avfall eller ikkje, jamfør § 11-12. I "Kommentarer til avfallsforskriften" står det at "Virksomheter skal kjenne egenskapene til sitt eget avfall og om nødvendig oppsøke konsulent eller lignende for å få avfallet beskrevet." Sidan avfallet kan vere farleg avfall, skal det reknast som farleg inntil det motsette er vist. Bedriftene må etablere rutinar for å vurdere om katalysatorar er farleg avfall eller ikkje.

Dokumentasjon
For levering av katalysatorar som avfall må biloppsamlingsplassen ha ein av følgjande:

- Dokumentasjon som viser at katalysatoren ikkje er farleg avfall (test av denne eller tilsvaranda (til dømes same modell), vurdering frå konsulent eller liknande)
- Deklarasjonsskjema
- Eksportdokumentasjon (notifikasjon og følgjedokument)